

Møteprotokoll

Utval:	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad:	Fjernmøte
Dato:	07.05.2020
Tid:	10:00-14-45

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Trude Brosvik	Nestleiar	KRF
Gunnar Moland	Medlem	H
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	SP
Inge Øystein Aareskjold Fiskvik	Leiar	
Bente Borghild Underthun	Medlem	
Kjell Gitton Håland	Medlem	A
Anita Helen Hammerseth Æsøy	Medlem	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Sigrid Rønneberg	Medlem	
Egil Bru Overaa	Medlem	

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Anfinn Hammer Feng	Egil Bru Overaa	

Merknader:

Ida Carlsen Eide - varamedlem for Sigrid Rønneberg, melde forfall.

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Nils Tore Eldegard	spesialrådgjevar, avd. MOB - stab
Åge Avedal	seniorrådgjevar, KII - Kunst og kulturutvikling
Dagmar Reutz Hillestad	seniorrådgjevar som utvalssekretær, politisk sekretariat

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 3/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 05.02.2020	2020/1931	
	Referatsaker		
RS 4/20	Økonomioversikt for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne pr. 29.04.2020	2020/1931	
RS 5/20	Tilskot til inkludering og mangfald 2020 - tildeling	2020/1931	
RS 6/20	Tilskot til fysiske trafiktryggingstiltak 2020	2020/1931	
RS 7/20	Brosjyre Friluftsliv for alltid - statleg sikring og tilrettelegging av friluftlivsområder	2020/1931	
RS 8/20	Årsrapport 2019 - Kollektivstrategi for Hordaland	2020/1931	
RS 9/20	Folkehelseprofilar 2020. Ny kartløyning og oppdatering av status for Vestland	2020/41394	
	Politiske saker		
PS 7/20	Møteplan 2020 - oppdatering	2020/1931	
PS 8/20	Einerettar for drosje	2020/1931	
PS 9/20	Utviklingsplan for Vestland - regional planstrategi 2020-2024	2020/1931	
PS 10/20	Serviceinjene i Bergen - Aldersvenleg transport	2020/1931	
PS 11/20	Opplæring/konferanse for kommunale råd i Vestland	2020/1931	
PS 12/20	TT og arbeidsreiser	2020/1931	
PS 13/20	Kollektivtilbodet - innvendig annonsering av haldeplassar	2020/1931	

Godkjenningssaker

GK 3/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 07.05.2020 - Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Trude Brosvik sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å setje uttale som vedkjem Kollektivtilbodet - innvendig annonsering av haldeplassar på saklista for møtet utan saksførelegg. Saka vert sett som sak PS 13/20.»

Avrøysting

Brosvik sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å setje uttale som vedkjem Kollektivtilbodet - innvendig annonsering av haldeplassar, på saklista for inneverande møte. Saka vert lagt fram utan saksførelegg. Saka vert sett som sak PS 13/20. Saklista vart godkjent med denne merknaden.

Innkallinga vart godkjent utan merknader.

GK 4/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 05.02.2020

Saksprotokoll 07.05.2020 - Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Møteprotokollen frå møte 05.02.20 vart godkjent utan merknader.

Referatsaker

RS 4/20 Økonomioversikt for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne pr. 29.04.2020

Saksprotokoll 07.05.2020 - Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

RS 4/20 vart referert.

RS 5/20 Tilskot til inkludering og mangfald 2020 - tildeling

Saksprotokoll 07.05.2020 - Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

RS 5/20 vart referert.

RS 6/20 Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak 2020

Saksprotokoll 07.05.2020 - Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

RS 6/20 vart referert.

RS 7/20 Brosjyre Friluftsliv for alltid - statleg sikring og tilrettelegging av friluftlivsområder

Saksprotokoll 07.05.2020 - Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

RS 7/20 vart referert.

RS 8/20 Årsrapport 2019 - Kollektivstrategi for Hordaland

Saksprotokoll 07.05.2020 - Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

RS 8/20 vart referert.

RS 9/20 Folkehelseprofilar 2020. Ny kartløyising og oppdatering av status for Vestland

Saksprotokoll 07.05.2020 - Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

RS 9/20 vart referert.

Politiske saker

PS 7/20 Møteplan 2020 - oppdatering

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek oppdatert møteplan til etterretning.

Saksprotokoll 07.05.2020 - Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Trude Brosvik sett fram slik forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gjer vedtak om å setje opp eit nytt møte i forkant av fylkestinget sitt møte i juni. Forslag til møtedag er tysdag 2. juni, møtetid kl. 10.00-12.00. Møte vert gjennomført som nettmøte».

Inge Fiskvik sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gjer vedtak om å flytte tillyst møte i september frå onsdag 2. september til tysdag 8. september. Dette grunna konferanse/opplæring for kommunale råd som er tidfesta til 2. september.»

Avrøysting

Brosvik sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Fiskvik sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å setje opp eit nytt møte i forkant av fylkestinget sitt møte i juni. Forslag til møtedag er tysdag 2. juni, møtetid kl. 10.00-12.00. Møte vert gjennomført som nettmøte. Rådet vedtok å flytte tillyst møte i september frå onsdag 2. september til tysdag 8. september. Dette grunna konferanse/opplæring for kommunale råd som er tidfesta til 2. september.

PS 8/20 Einerettar for drosje

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll 07.05.2020 - Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Trude Brosvik sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ser det som viktig å sikre eit godt drosjetilbod i alle kommunar for alle typer brukarar. Difor må det arbeidast vidare med einerettar for alle kommunar som kjem inn under einerettsmodellen.

Her må ein ha tett dialog med kommunane og fylket. Det er svært viktig å stille krav som stettar behovet for brukarar med nedsett funksjonsevne.

Rådet vil framheve desse krava:

- nok antall bilar som kan frakte rullestolbrukarar
- prisane må vera mest mogleg lik som for andre brukarar
- TT-kort må takast imot og ha ei løysing som kan brukast nasjonalt
- førarhundbrukarar kan ikkje avvisast av drosjane
- drosjer som ikkje overheld slike krav må det kunne reagerast overfor»

Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ser det som viktig å sikre eit godt drosjetilbod i alle kommunar for alle typer brukarar. Difor må det arbeidast vidare med einerettar for alle kommunar som kjem inn under einerettsmodellen. Her må ein ha tett dialog med kommunane og fylket. Det er svært viktig å stille krav som stettar behovet for brukarar med nedsett funksjonsevne.

Rådet vil framheve desse krava:

- nok antall bilar som kan frakte rullestolbrukarar
- prisane må vera mest mogleg lik som for andre brukarar
- TT-kort må takast imot og ha ei løysing som kan brukast nasjonalt
- førarhundbrukarar kan ikkje avvisast av drosjane
- drosjer som ikkje overheld slike krav må det kunne reagerast overfor

PS 9/20 Utviklingsplan for Vestland - regional planstrategi 2020-2024

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll 07.05.2020 - Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Kjell Gitton Håland sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek saka om regional utviklingsplan til orientering. Rådet har merka seg at utviklingsplan (regional planstrategi) føreset brei medverknad i prosessen, og rådet ønskjer å medverka aktivt i dette arbeidet.»

Avrøysting

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek saka om regional utviklingsplan til orientering. Rådet har merka seg at utviklingsplan (regional planstrategi) føreset brei medverknad i prosessen, og rådet ønskjer å medverka aktivt i dette arbeidet.

PS 10/20 Servicelinjene i Bergen - Aldersvenleg transport

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll 07.05.2020 - Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Trude Brosvik sette fram slikt forslag:

«Ordninga med sørvislinjene må også vera eit mogleg tilbod til brukarar med nedsett funksjonsevne. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at sørvislinjene må vidareførast eller erstattast med andre tilsvarande ordningar som til dømes sørviskyss. Tilbodet må forsikrast å vere fullt ut tilgjengeleg for alle brukarar.»

Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Ordninga med sørvislinjene må også vera eit mogleg tilbod til brukarar med nedsett funksjonsevne. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at sørvislinjene må vidareførast eller erstattast med andre tilsvarande ordningar som til dømes sørvisskys. Tilbodet må forsikrast å vere fullt ut tilgjengeleg for alle brukarar.

PS 11/20 Opplæring/konferanse for kommunale råd i Vestland

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek informasjonen til vitande.

Rådet vedtek å setje av midlar til eit slikt arrangement, og ber arbeidsgruppa arbeide vidare med å førebu gjennomføring av dette opplæringstilbodet hausten 2020/våren 2021.

Saksprotokoll 07.05.2020 - Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Inge Fiskvik sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek orienteringa frå rådet sine representantar til orientering. Rådet ber representantane gå vidare med samarbeidet når det gjeld opplæring/konferanse for rådsmedlemar i dei kommunale råda i Vestland. Rådet vil be arbeidsgruppa informera leiarane i kommunale råd om den planlagde opplæringa/konferansen. Dette for å sikre brei deltaking frå råda. Rådet vedtek å støtte opplæringa/konferansen som tidligere drøfta med omlag kr 100.000,-.»

Avrøysting

Fiskvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek orienteringa frå rådet sine representantar til orientering. Rådet ber representantane gå vidare med samarbeidet når det gjeld opplæring/konferanse for rådsmedlemar i dei kommunale råda i Vestland.

Rådet vil be arbeidsgruppa informera leiarane i kommunale råd om den planlagde opplæringa/konferansen. Dette for å sikre brei deltaking frå råda. Rådet vedtek å støtte opplæringa/konferansen som tidligere drøfta med omlag kr 100.000,-.

PS 12/20 TT og arbeidsreiser

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll 07.05.2020 - Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Trude Brosvik sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne støttar intensjonen i vedtaket om at arbeidsreiser som ikkje kjem inn under andre ordningar frå NAV, kan bli dekkja gjennom bruk av TT-kortet. Når det gjeld kva nivå som skal saksbehandle TT-ordninga, ber rådet om at ein vel den løysinga som er mest treffsikker for brukarane, ivaretar likskap i ordninga og samtidig har ei organisering som tek omsyn til ulikskapen i fylket.»

Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne støttar intensjonen i vedtaket om at arbeidsreiser som ikkje kjem inn under andre ordningar frå NAV, kan bli dekkja gjennom bruk av TT-kortet. Når

det gjeld kva nivå som skal saksbehandle TT-ordninga, ber rådet om at ein vel den løysinga som er mest treffsikker for brukarane, ivaretar likskap i ordninga og samtidig har ei organisering som tek omsyn til ulikskapen i fylket.

PS 13/20 Kollektivtilbodet - innvendig annonsering av haldeplassar

Saksprotokoll 07.05.2020 - Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Trude Brosvik sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne erfarer at det på fleire kollektivruter ikkje vert nytta innvendig annonsering av haldeplassar. Rådet ber om at samferdselsutvalet følgjer opp saka overfor Skyss/Kringom, og at ordninga med innvendig annonsering skal brukast for heile fylket sitt kollektivtilbod.»

Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne erfarer at det på fleire kollektivruter ikkje vert nytta innvendig annonsering av haldeplassar. Rådet ber om at samferdselsutvalet følgjer opp saka overfor Skyss/Kringom, og at ordninga med innvendig annonsering skal brukast for heile fylket sitt kollektivtilbod.